



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling næring

JØSOK HOLDING AS
Postboks 169 Kokstad

5863 BERGEN

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torleif Bakke Haavik		2024/475-3		23.02.2024

22kV-leidning og sjøkabel - Nernes og Øyarhamn - BKK AS - Avklaring Kvinnherad kommune

Me syner til brev, dagsett 07.02.2024, der Kvinnherad kommune vert førelagd tiltak for 22kV-leidning og sjøkabel mellom Nernes i Kvam herad og Øyarhamn i Kvinnherad kommune.

Vurdering planomsyn

Områda som er omtalt i førespurnaden er regulert til LNF og område "Bruk og vern av sjø og vassdrag" og i desse områda kan det tillatatast med linjetrasear og kablar for vatn, avlaup, straum og telenett etc , jfr føresegnene i KPA § 8.1 Dersom nye område skal takast i bruk i sjø skal saka sendast på vurdering til kulturmynde, jfr § 8.1.3

Vurdering landbruk

Dagens line går i luftspenn over dyrka mark på eigedomane g/bnr 163/1 og 163/4. For alternativ 1.1 kjem jordkabel ikkje i berøring med dyrka mark. For alternativ 1.2 vil jordkabel mellom sjø og eksisterande luftline, gå over kring 100 meter dyrka mark på eigedomen g/bnr 163/4. Dersom BKK går for dette alternativet, ynskjer landbrukskontoret i Kvinnherad at tiltaket vert utført i samråd med grunneigar og den som driv landbrukseigedomen.

Arbeidet må utførast på eit vis som ikkje reduserer jorda si produksjonsevne. I praksis inneber dette at arbeidet ikkje skadar eksisterande drenering, at matjorda (a-sjikt) vert handtert separat frå undergrunnsmateriale (b-sjikt), og at jorda i grøfta og elles på teigen ikkje vert utsett for sterk jordpakking.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Torleif Bakke Haavik

Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
BKK AS

Postboks 7050